



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato: 18.05.2018
Vår ref.: 2014/1015-28
Saksbehandlar: ingskei
Dykkar ref.:

Rv. 555 Sotrasambandet - godkjenning av fylkeskommunal garanti

Fylkestinget i Hordaland handsama den 07.03.2017, sak 17/2017, bompengesøknad for rv. 555 Sotrasambandet. Punkt 2 og 3 i vedtaket gjeld fylkeskommunal garantistilling, og lyder slik:

- «2. Hordaland fylkeskommune garanterer ved sjølvskuldarnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa opp til om lag 2,7 mrd. kr, med tillegg av 10 pst. av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Den samla lånegarantien blir 3 000 mill. kr. Garantien blir gitt med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar. Garantien blir gitt under føresetnad om godkjenning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
3. Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte høve forlengjast med inntil 5 år. I tillegg skal garantien gjelde i ytterlegare 2 år, jf. § 3 i garantiforskriftene.»

Kopi av saksførelegget ligg ved.

Ein ber om godkjenning av vedtaket om garantistilling.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Ingvar Skeie
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Sotrasambandet, Rv 555 (Storavatnet- Kolltveit) - bompengesøknad